
Fra: Tove Linn Øren <tove.linn.oren@icloud.com>
Sendt: 16. februar 2015 15:00
Til: Postmottak Lindås
Emne: Vegutbetring innkjørsel Hilland

Til Rune Kilen og Arne Eikefet

Hei!

Her kjem ei innstendig bønn om at nokon i kommunen, avd veg, snart må ta i bruk prinsippa om dobbelkretslæring, i motsetning til dagens enkelkretslæring. Eg har budd på Hilland sidan 2006, og det er fascinerande å sjå korleis ansvarlege for vegutbetring tydeligvis ELSKAR å gjere dette opp igjen og opp igjen! Enkelkretslæring er altså midlertidig løysing på problemet, og der var det hol igjen, klage kjem, lat oss fylla litt grus eller asfalt i holet. Og DER var det hol igjen, det holdt ikkje lenge, gitt, klage kjem, lat oss fylla litt i holet. Og sånn går nu dagen. Dette er altså klassisk enkelkretslæring. Eg stusser litt over at ikkje nokon stoppar opp og tenker: "hei, no har vi vore her ca 387 gonger, ser ikkje ut til at denne framgangsmåten funkar heilt..kanskje vi må gjere det på ein annan måte?" Då byrjar vi å nærme oss dobbelkretslæring, ein meir varig løysing på problemet. Eit heilt crazy forslag frå meg, her altså, men kanskje høvle vekk nedre del av innkjørsel til Hilland, i hvertfall nokre meter opp i innkjørselen, legge ny asfalt som dekker alle dei tidlegare hola, eg tenker suksessfaktoren her potensielt kan vera stor! I tillegg er det god sjanse for at de slepp å gjere vedlikehald her på ei stund, dersom dette blir gjort. Det må jo vere ein vinn-vinn-situasjon, ikkje minst økonomisk! Det kan jo ikkje vera billig å ha ein mann i arbeid som skal fiksa sei same hola opp igjen og opp igjen og opp igjen og opp igjen og opp igjen...ja, de skjønar kva eg meiner. Håper inderleg nokon kan lesa mailen min og deretter ta tak i dette med dobbelkretslæring som framgangsmåte. Det hadde gjort meg lukkeleg!

Helsing frå

Tove Linn Øren, bebuar på Hilland Vest

Sendt fra min iPhone